



VINJE KOMMUNE

Tenestetorget

Melding om vedtak

Breivatn Hytteforening
v/Svein Pedersen
Nensetveien 9
3736 SKIEN
-

Delegert sak nr. 18/108

Sakshandsamar	Saksnr.	Løpenr.	Gnr/Bnr	Dato
TOVEBR	2018/1655	11446/2018	119/22	28.05.2018

119/22 - Etablering av flytebrygge - Store Breivatn Løyve til tiltak, jf. plan- og bygningslova (PBL) § 20-4.

TILTAK: Flytebrygge som fellesanlegg
TILTAKETS ADRESSE: Store Breivatn
EIGEDOM: Gnr. 119 Bnr.22 i Vinje
MELDAR: Breivatn Hytteforening v/leiar Svein Pedersen
TILTAKSHAVAR: Breivatn Hytteforening v/leiar Svein Pedersen
BRA (NS 3940):
BYA (NS 3940):

VEDTAK

Søknaden vert godkjent.

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket blir utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

SAKSUTGREIING

Bakgrunn:

Referanse:

Reguleringsplan med reguleringsføresegner, planident 20060008 – Bjørnmoen og Drivarbekk.

Grunnlag for handsaminga:

Søknad om løyve til tiltak etter PBL § 20-4 registrert 22.05.2018. Søknaden er dokumentert i samsvar med søknadsskjema datert 21.05.2018, jf. saksmappenr. (jnr.) 2018/1655-1 med vedlegg.

Naboar er ikkje varsla, dette er ikkje naudsynt. Søknaden kjem frå hytteforeininga, ein går ut frå at medlemmene er samde i tiltaket.

Tiltak:

Tiltaket gjeld etablering av flytebrygge ved Store Breivatn. Nærare utgreiing av tiltaket er gjeve i søknadsskjema med vedlegg.

Tiltaket er vurdert å vera i samsvar med reguleringsplan og intensjonane i denne. Dokumentasjon etter PBL § 21-2 ser ut til å vera tilfredsstillande.

Ansvar i samband med tiltaket:

Tiltakshavar har ansvar for at tiltaket vert utført i samsvar med plan- og bygningslova med forskrifter.

Vilkår:

Før tiltaket vert teke i bruk må ein søke om ferdigattest eller midlertidig bruksløyve jf. PBL § 21-10, SAK 10 §§ 8-1 og 8-2.

Tiltaket må oppfylle tekniske rammevilkår som gjeve i PBL og forskrift om tekniske krav til byggverk (TEK 17).

Ein skal bruke naturvenlege mørke jordfargar ved utforming av tiltaket.

Bygge- og riveavfall skal leverast godkjend avfallsdeponi.

Krav til handsaming av avfall er gjeve i TEK17, kap. 9 og i Forskrift om gjenvinning og behandling av avfall (Avfallsforskrifta).

Handsamingsgebyr:

Løyve til tiltak – minstegebyr: kr. 2.100,-.

Jf. Gebyrregulativ 01.07.2010 (sist oppdatert 01.01.2018)for byggjesakshandsaming i kommunen. Gebyret skal vera betalt innan forfallsdato.

Krav om handsamingsgebyr på kr. 2.100,- blir ettersendt.

Konklusjon:

Vilkåra etter PBL § 20-4 med dokumentasjonskrav etter PBL § 21-2 ser ut til å vera i orden, slik at ein kan gje løyve til tiltaket i samsvar med PBL § 21-4.

Ein kan klage på vedtaket innan 3 veker i samsvar med § 1-9 i Plan- og bygningslova. Klaga skal ein sende til Vinje kommune. Sakshandsamar kan gje nærare opplysningar om klageretten.
--

Med helsing

Tove Bringsvær
Sakshandsamar

Brevet er sendt elektronisk og har difor ingen signatur.